

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Deres ref.:	Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato:
	2019/18-24	Bjørg Larsen	19. juni 2019

Tildeling av tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2019 - Kvamsvågen gapahuk ved Kvamsvågen friområde, med anleggsnummer 73688, Lindås kommune.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fordelt spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i møte 18. juni 2019. Ved fordeling av spelemidler vart søknaden imøtekome med eit tilskot på **kroner 111 000,-**.

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Alle utbetalingar skjer via Lindås kommune.
2. De kan søkje om delutbetaling (max 75%) når anleggsarbeidet er kome godt i gang. Søknaden må innehalde ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
3. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert utbetalt innan to år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie innan to år etter datoen på dette tilsegnsbrevet, vert inndrege. Dersom rekneskapet viser at anlegget vert rimelegare enn budsjettert, vil tilsvarande del av tilsegnsbeløp bli inndrege.
4. Sluttutbetaling kan ikkje skje før de har sendt inn revisorkontrollert rekneskap saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. For følgjande anleggstypar skal spesiell dokumentasjon føreligge før sluttutbetaling kan skje:
 - a. idrettsgolv (hallgolv): godkjend testrapport
 - b. kunstgrasbane: godkjend testrapport
 - c. friidrettsbane med fast dekke: godkjend testrapport
 - d. orienteringskart: godkjenning frå Norges Orienteringsforbund
 - e. skitrekke: driftsløyve frå Taubanetilsynet (Statens jernbanetilsyn)
5. Når tilskotet er kr 400 000 eller høgare skal rekneskapet for anlegget kontrollerast av revisoren til kommuna. Rekneskap for tilskot under kr 400 000 kan kontrollerast av annan revisor, til dømes den tillitsvalde revisoren til organisasjonen.

Mottakar av tilskot har ansvar for at løyvd tilskot vert brukt i samsvar med føresetnadar, krav og vilkår i føresegnene. Føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er tilgjengeleg via www.anleggsregisteret.no.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følge av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør for kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Dette brevet er elektronisk godkjend og har derfor inga signatur